



Gunn Mari Moberg (biletet) som er leiar av TV-aksjonen her i bygda dette året treng 14 bøsseberarar for å få ein

god dekning. Men førebels har ho fått lovnad om berre 8 og vonar at dei 6 siste meldar seg seinast onsdag til telefon 40 28 09 35.

Gunn Mari minnar om det gode føremålet som er kampen mot demens og som har ramma mange også i vårt område. På landsbasis får 10 000 nye sjukdommen kvart år.

Det er mellom anna oppe i dalen og i Halsane Gunn Mari manglar berarar. Eit tilstrekkeleg antal plar å melda seg og Gunn Mari håpar at det vil skje også dette året. Ho har hatt kontakt med dei som gjekk i fjor, men det passar diverse ikkje for alle i år.

Aksjonen startar klokka 16 søndag.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen

